



Helga 24. - 26.april arrangerer Fjellsportgruppa i samarbeid med Festidalen Combo Camp. Som dei tidlegare åra vert Dønhaug Gjestegard base for samlinga. På programmet står tradisjonen tru ein god blanding av flotte naturopplevingar i Kvinnherad fjella, god mat og god musikk.

Samlinga startar fredag kveld på Dønhaug. Der får deltakarane servert god mat frå Elin`s Matgleder. Det vert også foredrag ved Mari Teigen Varanes. Ho vil fortelja frå turen ho og søstera hadde då dei gjekk Noreg på langs i fjor sommar.

Laurdag går turen til Rosendalsfjella før det om kvelden vert meir god mat frå Elin`s Matgleder. Då vert det også musikk på Dønhaug. I år er det dei lokale musikarane Øyvind Sture og Egil Vaage som syt for musikken. Egil er kjend frå mange musikkssamanhengar medan Øvind sleppte debutplata si i veinter i ein alder av 60 år.

Søndag går fjellturen til Geitadalstind. Deretter reknar ein med at det vert avreise frå Dønhaug ca. kl.16.

Det vert understreka at ein treng ikkje vera av typen som absolutt skal opp på dei høgaste toppane og ned dei brattaste rennene for å delta på Combo-turane. Dei legg opp til å dela gruppa og by på topptur også for dei som trives i mindre bratte bakkar.

Combo er ein god mulighet for dei som har lyst å oppleve dei flotte fjella i Rosendal/Uskedalen.

Arrangørane ønskjer velkommen til ei helg full av skiglede, fjellpreik og god mat!

For meir informasjon kan ein ta kontakt med Erlend Hellingsrud, tlf. 47260535, erlend@hellingsrud.no.

Påmelding skal skje via [DNT sine nettsider](#).



Combo er også godt preik, god musikk og god mat i hyggeleg atmosfære.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Erlend Hellingrud